

Tony Andre Kvalheim  
Rishaugane 13  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8368 - 22/94943

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
13.12.2022

## **Svar - riving av deler av mur ved avkjørsle til kommunal veg - gbnr 137/13 Alver**

Vegavdelinga har sett på det du har sendt inn og er positive til at du får utbetra avkøyrsla og slepp rygge ut i kommunal veg. I tillegg ønskjer du å drenere for å fjerne oppsamling av overvatn og har fjerna all vegetasjon som me ser frå bilde du har sendt inn opp mot vegbilder tatt sommar 2022. Siktkrava er difor betra mellom deg og naboen og ut i kommunal veg.

Kommunen har ein del krav til avkjørsler frå kommunal veg, i samsvar med Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg. Dei fleste gjeld nyetablering, men me ber deg vere obs på følgjande frå forskrifta og kommunen si tekniske skildring for avkjørsler:

Sammenkopling mellom avkøyrsla sine sidekantar og vegbana skal avrundast med sirkel. Normalt skal radius for sirkel vere minst 4m.

Normalt skal avkjørsler etablerast slik vedlagt detaljteikning for avkøyrsla viser. Det vil vere vanskelig med innsnevring til 4m då denne avkøyrsla ikkje går vidare som veg. 12m ytterst mot offentleg veg vil du kunne halde deg innanfor. I forhold til kart er det ca. 7,5m breidde der i dag og ved å fjerne 3m mur vil sirkelradien hos deg starte slik at det ytterst mot kommunevegen vert ca. 10,5m.

Det skal vere fall frå communal veg slik at overvatn ikkje renn ut i den offentlege vegen. Avkøyrsla må difor ikkje føre til auka avrenning mot den kommunale vegen. Lengdeprofil er synt på vedlagt teikning, med 3cm fall den første meteren frå den offentlege vegen.


Drensrør under avkjørsler skal vere etablert for å oppretthalde grøfter. Dette er eit eldre felt, kor det pr. i dag ikkje er grøfter langs vegen. Du må likevel passe på at du ikkje fører meir vatn inn i communal veg og mot naboen ved utføring av tiltaket.

Vi ber deg være svært obs i dette området. Hovudledning for vatn og avløp går i følgje kartet over din eigedom under eksisterande mur. Skal du grave i dette området må du kontakte VA-avdelinga for meir info om ledningsnettet i forhold til djupne og graving nær kommunalt ledningsnett. Legg ved eit kartutsnitt som viser kor ledningane går.


### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

## Detaljteikning for avkøyrsle



## Lengdeprofil for avkøyrsle



Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

### Mottakarar:

Tony Andre Kvalheim

Rishaugane 13      5911

ALVERSUND

